
Saksnr: 2020/38029-44
Saksbehandlar Karstein Oen
Dato: 12.01.2021

Til: Administrasjonsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Byte av pensjonsleverandør

Vestland fylkeskommune og Bybanen AS byter pensjonsleverandør frå KLP til Storebrand frå 1. januar 2021. Flyttinga er i samsvar med fylkestingsvedtak hausten 2020 og vil spare VLFK for fleire millionar kroner årleg.

Oppstarten av flytteprosessen er blitt noko forseinka fordi KLP kravde mellombels åtgjerd av avtalen, slik at den måtte til rettsleg behandling. Avgjersla kom like før jul, der fylkeskommunen fekk fullt medhald og dekt alle sakskostnader. På grunn av marknadssituasjonen, der KLP fram til nyleg har hatt monopol innan offentlig tenestepensjon, har det ikkje vore gjennomført slike anbodskonkurransar i særleg omfang tidlegare.

Arbeidet med å effektivere fylkestinget sitt vedtak om å bruke Storebrand som pensjonsleverandør er no godt i gang. Det er ikkje forventa at medlemar i pensjonsordninga vil oppleve forseinkingar, sjølv om ikkje alt var på plass til 1. januar.

Det er forvaltninga av pensjonsordninga som blir overført når Storebrand overtek ansvaret for å administrere ordninga fylkeskommunen har hatt i KLP. Denne overføringa omfattar alle medlemmer i pensjonsordninga. Det vil seie alle som er aktive arbeidstakarar, tidlegare tilsette og pensjonistar. For medlemmer av sjukepleiarordninga i KLP og lærarar med tenestepensjon i Statens Pensjonskasse vil medlemskapet vere uendra.

Byte av pensjonsleverandør fører ikkje til noko endring av dei opptente pensjonsrettane i pensjonsordninga.

Storebrand overtek ansvaret for pensjonsordninga frå 1. januar 2021. KLP vil i løpet av januar sende ut informasjon om flytting til alle medlemmer. KLP vil også overføre opplysningar om pensjonsordninga til Storebrand slik at dei kan starte etablering av ordninga. Fylkeskommunen forventar at ordninga er fullt etablert innan utgangen av mars månad etter lovbestemte flyttereclar.

Frå 1. januar 2021 vil alle nye pensjonstilfelle eller dei som har endringar i pensjonen sin frå denne dato, bli følgt opp av Storebrand. Alle søknadar om pensjon som alt er sendt KLP, vil bli overført til Storebrand, slik at dei kan behandle og følgje desse opp vidare. Dei pågåande pensjonsutbetalingane vil Storebrand ta over frå mars månad.

Alle som når sin pensjonsalder, vil motta informasjon frå Storebrand om søknad om pensjon. Dette gjeld også dei som har slutta i stillinga si tidlegare.

Storebrand forventar at overføring av opplysningar er fullført i mars månad. Dei vil då sende ut pensjons- og forsikringsbevis og informasjon om tilgang til personlege sider på storebrand.no. Her

vil den tilsette få ein samla og enkel oversikt over pensjonsordninga si, og kunne berekne framtidig pensjon gjennom ein prognosemodell.

Fylkeskommunen har informert dei tilsette på intranettet om byte av pensjonsleverandør og kva det inneber for den einkilde. Fylkeskommunen vil og saman med Storebrand tilby informasjonsmøte der det vil bli orientert nærare om byte av pensjonsleverandør og praktisk informasjon om pensjonsordninga.